

Til

A



Returadresse:

Luster hundeklubb, v/ Inger Handegård, 6868 Gaupne

Sak 6: Årsmøtesak frå agilitygjengen:

Yngst investering på ca. 30.000 til nytt agilityutstyr.

Styret er positiv til å investere i meir agilityutstyr dersom me får ein bedre stad å vera enn det me har i dag. Satsing på nytt område kan også løyse ut midlar til nærmiljøområde. Styret har gitt Inger fullmakt til å søke på dette, då den kommunale søknadsfristen er 1. mars.

Styret legg fylgjande framlegg fram for årsmøtet:

1. Dersom årsmøtet går inn for nytt område på Nes og me får støtte frå Luster kommune til nærmiljøområde (1/3 frå kommunen, 2/3 frå klubben), kjøper me inn alt utstyret i 2011. Dette betyr ei investering på kr. 20.000 i utstyr for Luster hundeklubb.
2. Dersom årsmøtet ikkje går inn for nytt område, eller me ikkje får tilskot til nærmiljøområde, får agilitygjengen kr. 15.000 i 2011 som skal gå til all agilityaktivitet inkludert utstyr og kurs. All inntekt agilitygjengen får inn, kan nyttast til innkjøp av meir utstyr.

Luster hundeklubb




Innkalling til årsmøte

**torsdag 10. mars kl. 19.00
på Rådhuset i Gaupne**

- Det er viktige årsmøtesaker i år:
Heva kontgent * Investering i nytt område på Nes * Nedlegging av Kloppi * Investering i agilityutstyr
- Viktig val då nestleiar trekker seg i år og leiar trekker seg til neste år.

Etterpå et me pizza og let praten gå rundt bordet

På grunn av serveringa må du melde deg på årsmøtet seinast 8. mars til Asbjørg via sms til mobil 90 93 08 72



Berre medlemmer har stemmerett. Dersom andre møter betalar dei kr. 50 for maten.

Årsmøtesaker:

1. **Godkjenning av årsmelding og rekneskap.** Årsmeldinga ligg på klubben si heimeside. Revidert rekneskap vert lagt fram på møtet.
2. **Framlegg til nytt styre frå valnemnda.** Nestleiar Stine Svinø (Mona Nyløy ynskjer å trekke seg). Nytt styremedlem Ann Kristin Teigen (Laila Joranger ynskjer å trekke seg).
3. Årsmøtesak frå styret: **Auka medlemskontigent** frå kr. 85 til 100 for vaksne, frå kr. 10 til 50 for junior (under 18 år). I tillegg kjem kr. 140 i grunnkontigent til NKK.
4. Årsmøtesak frå styret: **Klubbområde på Nes.** Sjå meir informasjon ein anna stad på denne innkallinga.
5. Årsmøtesak frå styret: **Nedlegging av området på Kloppi.**
6. Årsmøtesak frå agilitygjengen: **Yngst investering på ca. 30.000 til nytt agilityutstyr.** Sjå meir informasjon ein anna stad på denne innkallinga.
7. Årsmøtesak frå Stine Svinø. **Ynskje om inngjerda fri-område for hund.** Vert lagt fram med negativ tilråding frå styret då styret meiner me verken har økonomi eller kapasitet til å arbeide med dette.
8. **Budsjett og aktivitetsplan for 2011.** Styret sitt framlegg til budsjett litt på klubben si heimeside.

Sak 4: Styret går inn for nytt klubbområde på Nes

Eigar: Harald og Karin Leirdal. Dei har sagt seg villige til å leige ut campingplassen, som vart nedlagt i fjor, til Luster hundeklubb. Styret har i møte 16. februar vald å gå inn for dette området og ynskjer då å leggje ned området på Kloppi.

Området er på ca. 2500 m² (Kloppi er på ca. 1400 m²). Området er i to plan, men ein liten meter høgdeskilnad. Det er opparbeida køyrevveg i området området er plengras. Nes har mykje sol, lite snø og er tidleg bart om våren. Området er bra tørt. Området må gjerast inn. Det er bra parkeringsplass og det er tilgang til toalett. Her er også eit lite rom som kan verta eit lite klubblokale. Området må driftast!

Framlegg til årleg leigeavtale på kr. 5.000

Utgift til inngjerding (ca. 200 m gjerde) og grinder på kr. 30.000

Ugifter til møblering klubblokale på. Kr. 3.000

Årleg drift av området kr. 5.000

Total sum i 2011: 43.000 Årleg drift i åra framover: kr. 10.000

Tankar frå leiaren: Eit svært viktig årsmøte

På innkallinga til årsmøte i fjor sa eg at eg li lang tid har yngst avløy-sing som leiar i Luster hundeklubb, men det vart til at eg tok gjenval likevel... Til neste år er eg på val att, men då tek eg ikkje gjenval. Me får no nye og yngre krefter inn i styret. Eg har håp om at dette gir klubben nytt og friskt blod.

Årsmøtet 2011 er truleg det viktigaste årsmøtet Luster hundeklubb har hatt sidan klubben vart skipa i 1986. Klubben er 25 år i år. I 25 år har me spart opp kapital i håp om å kunne investere desse pengane i ein stad å vera. No er det framlegg om å investere ein stor del av den oppsparte kapitalen på Nes camping. Det kostar å opparbeide, utstyre og drifte dette området, både kroner og ører og arbeidsinnsats. Får me det til, vil det å endeleg å få eit betre område gi ny giv i klubbarbeidet.

Den oppsparte kapitalen har me stort sett fått gjennom arrangement av sporprøvar, kvelpekurs, tilskot frå Luster kommune og gjennom medlemskontigenten. Me har lenge yngst oss eit nytt område. No må årsmøte bestemme om det er DETTE området me skal satse på og om me skal utstyre området med ein agilitybane. Dersom me går for området vert det ein god del dugnadsarbeid framover for å få området i stand og ikkje minst for å drifte det i åra som kjem. Får me dette til vert det eit stort løft for klubben. Får me det ikkje til, vert det ein stor utgiftspost til inga nytte.

Skal me lukkast er det viktig med god organisering og samhold. Det må lagast klare planar for fordeling av arbeid, fordeling av ansvar og for bruk av området. Eg håpar du som medlem er ditt ansvar bevisst og gjer gode val på årsmøtet. Det er for seint å sei di mening etter at vedtak er gjort!

Helsing Inger

Hugs å besøkja klubben si heimeside for å få med deg siste nytt: No vert også historien til klubben lagt ut med tekst og bilde.

Sjå: www.lusterhk.com